



DET KONGELIGE
FINANSDEPARTEMENT

Royal Ministry of Finance

Finansministeren

Stortinget
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/3338 -

Dato
14.05.2020

Svar på spørsmål nr. 1496 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Hadia Tajik

Eg viser til brev av 04. mai 2020 frå Stortingets president vedlagt følgende spørsmål frå stortingsrepresentant Hadia Tajik.

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til finansministeren: Kor stor vert petroleumsselskapa sin del av investeringskostnaden etter regelverk som gjeld i dag, og med regjeringa sitt framlegg, og kor sensitiv er selskapa sin del av investeringskostnaden for ulike avkastningskrav?

Begrunnelse:

Regjeringa har presentert hovudtrekk i tiltak for petroleumsnæringa utan ei nærmare utgreiing av korleis framlegget påverker staten sin del av investeringskostnaden:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tiltak-for-olje-og-gassnaringen-og-leverandorindustrien/id2700656/>

Norsk olje og gass sitt opprinnelege skatteforslag utnytta forskjellen i bruk av diskonteringsrente (avkastningskrav) mellom Finansdepartementet og selskapa, for skape insentiv til investeringar for selskapa. Ber om at svaret vert presentert slik: illustrert i Boks 5.2 i Prop. 150 LS (2012-2013) for a) investeringar i petroleumssektoren etter regelverket i dag og b) regjeringa sitt framlegg ved bruk av diskonteringsrente på høvesvis 1%, 6,5%, 10% og 15%.

Svar:

Regjeringa foreslår i Prop. 113 L (2019-2020) mellombelse endringar i

petroleumsskatten som vil gje tidlegare frådrag, slik at betalinga av skatt vert utsett og likviditeten til selskapa vert betra.

Svaret på spørsmålet kjem fram av svar på spørsmål nr. 1493 frå representant Eigil Knutsen. Svaret er gjeve att nedanfor (omsett frå bokmål).

Regjeringa foreslår i Prop. 113 L (2019-2020) mellombelse endringar i petroleumsskatten som vil gje tidlegare frådrag, slik at betalinga av skatt vert utsett og likviditeten til selskapa vert betra.

For å vurdere lønnsemda av investeringar må kontantstraumar fordelt over tid verte verdsett med avkastningskrav som reflekterer systematisk risiko. I petroleumsskatten har selskapa tryggleik for full verdi av skattefrådraga. Det tilseier at avkastningskravet ved verdsetting av skatteverdien av frådraga vert sette til ei risikofri rente etter skatt.

Når skatteverdien av investeringsfrådraga (avskrivning og dessutan friinntekt og rentefrådrag) vert verdsette med risikofri rente etter skatt, er selskapas del av investeringskostnaden etter skatt om lag 12 pst. med dagens reglar, jf. anslaget for skatteutgift i vedlegg 1 til Prop. 1 LS (2019-2020). Som det kjem fram av Prop. 113 L, aukar selskapas del av investeringskostnaden etter skatt til 17 pst. med regjeringsforslaget. I utrekningane er det tatt utgangspunkt i ei nominell risikofri rente før skatt på 2,5 pst., det vil seie 1,95 pst. etter skatt.

Tabell 1 viser utrekning av selskapas del med hhv. dagens reglar og regjeringsforslaget viss utrekninga vert gjort med andre avkastningskrav, i tråd med spørsmålsstillinga.

Tabell 1 Utrekning av selskapas del av investeringskostnaden etter skatt, med hhv. dagens reglar og regjeringas forslag, med ulike (nominelle) avkastningskrav. Avrunda til næraste heile prosent

Avkastningskrav	Dagens reglar	Regjeringas forslag
1 pst.	10 pst.	17 pst.
6,5 pst.	20 pst.	20 pst.
10 pst.	25 pst.	21 pst.
15 pst.	32 pst.	22 pst.

Kilde: Finansdepartementet.

Med helsing



Jan Tore Sanner